

# Slutrapport Ung Kraft- fondet

---

7. Klasse Risvoll skule 2024




# Kva ville de få til med tiltaket?

- Me ønskjer å starte eit vedsagingsprosjekt og spikkeprosjekt for å få frem dei kreative og skapande evnene til elevane.  
Vedsagingsprosjektet handlar om å tynna ut skogen nede ved fotballbanen. Vedsagingsprosjektet er ein viktig del av å bidra til økt trivsel på skulen og til å klare å motivere elevar. Med å arbeide med dette prosjektet lærer ein opp elevane til å samarbeide. Me ønskjer og å lære opp elevane til å bruke spikkekniv og lage bruksgjenstandar.får elevane øving i å samarbeide

# GJORT

- Me har brukt dei tildelte midlane til å kjøpe:
- 10 spikkeknivar
- 5 speidarknivar (kostnadsspørsmål)
- Buesaga var for tung å handtere. Difor blei det ikkje kjøpt inn slike.
- Saksene verkar greitt til bruken, men dei beste Fiskars greinkutterane blei for dyre.
- Buesaga og to greinkutterar blei lånt av lærar.





Det gror igjen. Lang vekstsesong.  
Først skar elevane ned tre.  
Vanskeleg å skjære nede grunna mose.  
Trea blei kutta med greinsaks.  
Stammane blei saga opp på sagekrakk.  
Veden blei kløyvd på hoggestabbe.  
Ferdig ved blei lagt i sekk.  
Sekkene blei trilla til gapahuk.  
Veden blir tørka i gapahuk.  
Småpinnar blir spikka til grillpinnar.  
Større turstavemne blir tørka.  
Elevane skjær ut pynt på dei med  
spikkekniv.  
Då fyrer me opp bålpanna og jobbar ute  
dersom bra ver.

# LÆRT

– Vi har gjort dette før, så det er heilt greitt arbeid. Kjekt å vere ute å gjere noko anna enn vanleg skulearbeid, så dette er bra, seier Lofthus Kalvik.

- Me har lært at me må lytte til elevane sin stemme. Sagekrakkane har det ikkje blitt noko av (enda). Elevane var motiverte for å kome seg ut og starte med det fysiske arbeidet med trefelling med ein gong.
- Det å samarbeide om å sage ned tre, kløyve og hjelpe kvarandre hadde samlande effekt på klassemiljøet. Elevane trivst ute og det førte til uteskule for denne klassen kvar veke. Felles grilling med eigne grillpinnar og eigenprodusert ved. Veden varmar mange gonger.

# LURT

- Me ynskjer å laga fire sagekrakkar og kjøpe inn fleire sager og kløyver. Då kan elevane jobbe på fire stasjonar eller ein stasjon om gongen.
- Det er fleire klassar som ønskjer å få ta del i dette prosjektet, nå er det 7. klasse som har fått hovedansvar og dei kan då lære opp nye elevar og klassar.

# Samarbeid og profiliering

- Intervju og artikkel i avisa Ryfylke torsdag 21. november.
- Besøk av Andreas Fløgstad frå Sauda Næringsutvikling KF

– Liker å arbeide  
På grusområdet ved fotballingen, eit steinkast frå skulen, er elevane Even Lofthus Kalvik (12) og Tage Jensen (12) i full sving med bukk og sag. Dei kappar trestammar til passelege lengder, som skal bli til fyringsved.

– Vi har gjort dette før, så det er heilt greitt arbeid. Kjekt å vere ute å gjøre noko anna enn vanleg skulearbeid, så dette er bra, seier Lofthus Kalvik.

Det er lærar Sigfred Tårland som har ansvaret for å koordinere dei ulike arbeidsstasjonene i ved- og spikkeprosjektet.

– Eg synest dette er ein flott måte for ungane å lære litt om praktisk arbeid, sikkerheit og vedlikehald av nærområde. Vi nyttar anledninga til å rydde skog, blant anna langs fylkesvegen her. I tillegg til at dei får rydda og gjort området fint, blir trevirket brukt til både grillpinnar, turstavar og fyringsved. Ungane likar å arbeide, og innsatsen er det lite å seie på, seier han til Ryfylke.



12-åringane Tage Jensen og Even Lofthus Kalvik er ikkje fremmande for skikkeleg arbeid. Dei kappar ved med stedig hand, og synest begge det er kjekt med eit avbrekk i klasseromsundervisninga.



Andreas Fløgstad følger med når lærar Sigfred Tårland demonstrerer trygg kløyveteknikk.

# Erfaringsdeling

- Barnehagegruppe kan få vere med og klippe/sage kvar sin grillpinne. Dei store elevane kan spikke dei til. Då kan det fyrast opp bål i bålpanna og elevar og barnehageborn kan sitje saman og grille. Dette byggjer bru mellom barnehage og skule.
- Klassen som har vore gjennom skogeopplæring kan vere fadrar for neste gruppe/ klasse. Då får dei ei ny rolle med opplæring der dei meistrar alle deler av skoginga.

# Vurdering av måloppnåing

## Eigne målsettingar frå søknad

Målsetting frå søknad	Mål nådd	Mål delvis nådd	Mål ikkje nådd
Lære opp elevane til å meistre vedhogst og lagring.	X	X	
Lære opp elevane til å tenne opp eit bål	X		
Lære opp elevane til å samarbeide	X		
Lære opp elevane til å bruke spikkekniv og lage bruksgjenstandar		X	

# Vurdering av måloppnåing Ung Kraft-fondet

<b>Overordna målsettingar for Ung Kraft-fondet</b>	<b>Mål nådd</b>	<b>Mål delvis nådd</b>	<b>Mål ikkje nådd</b>
Tiltaket har ført til meir trivsel og læring som gjer Sauda til eit meir levedyktig samfunn	X		
Tiltaket har bidrege til meir nysgjerrige, oppdagande og skapande barn/unge		X	
Tiltaket har løfta arbeidet med nytenking og entreprenørskap i barnehagen/skulen	X		
Tiltaket har bidrege til meir demokrati i praksis		X	

# Rekneskap

Ung kraft	Tildelte midlar	Utgifter
<b>10 Spikkekniver</b>		6862 kr
<b>5 Speiderknivar</b>		2100 kr
<b>Vedsekker, småsekker 119 kr for 10 stk.</b>		1190 kr
<b>Kløyveøks</b>		899 kr
<b>Sager</b>		500 kr
<b>Total sum</b>	11500 kr	11551 kr
<b>Inntekt-utgift</b>		- 51 kr